



Gjermund Fredheim spelar i kyrkja i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Den svært lovande gitarspelaren og mastergrad-studenten Gjermund Fredheim (25) frå Uskedalen er ein av to som har fått Kvinnherad kulturstipend for 2007 på 50.000 kroner. Den andre er Cato Løland (25) frå Sandvoll, som held på med mastergraden i kunst.**

Det kom inn 10 gode søknader i år og søkjarmassen viser at Kvinnherad har gode kulturutøvarar på høgt nivå innan mange ulike sjangrar. Stipendtildelinga er gjort mogeleg gjennom eit partnerskap mellom kommunen og næringslivet i Kvinnherad.

Stipendet blir i hovudsak delt ut til einskildpersonar og skal vera eit verkemiddel for personleg utvikling og kompetanseheving innan søkjaren sitt fag. Tildelinga vil bli markert med eit eige arrangement i november.

Dette året har tildelingsgruppa valt å prioritere unge utøvarar i etableringsfasen, som har vist vilje til å kvalifisere

seg og utvikle seg innan sitt fag. Stipendet er gjeve til to studentar som begge har gått gradane i utdanningssystemet, kome gjennom nålauget og i dag studerer på masternivå.

Fredheim skal ta mastergrad i klassisk gitarspel ved Griegakademiet i Bergen og har professor Stein-Erik Olsen som lærar. Men han har eit svært allsidig repertoar. Det har han mellom anna vist heime i Uskedalen der han har spela i kyrkja og i Haugland gamle skule.

Tildelingsgruppa held fram at Fredheim har gått gradene og vist evne og vilje til å utvikla seg som gitarist. Han har valt klassisk gitar som instrument og held ofte konsertar med ulike kammermusikkbesetningar, men går heller ikkje av vegen for å spela el-gitar med både rock, jazz og storbandmusikk på repertoaret.

Professor Olsen seier at uskedelingen ligg i eliten av norske musikkstudentar. Han har også teke bachelorgraden ved Griegakademiet, med toppkarakteren A både i hovudinstrument og akkompagnement. Uskedelingen vann førstepris i Ungdommens Musikkmeisterskap for tre år sidan.

Fredheim har også undervist ein del i kulturskulen i Bergen og han hadde 50 prosent stilling der i 2005/2006.  
- Det viktigaste for meg er likevel å få spelt konsertar, ta timar og utvikla meg vidare, seier Gjermund.

Av Ola Matti Mathisen